

## FEDJE KOMMUNE




Framlegg til  
PLANSTRATEGI  
2024 - 2028



## Innhald

1.Kommunal planstrategi .....	3
2.Kommunen sitt plansystem .....	3
3.Utviklingstrekk og utfordringar .....	5
Samfunnsutvikling .....	5
Folketalsutvikling .....	5
Demografi .....	6
Folkehelsa .....	6
Langsiktig arealbruk .....	7
Bygdevekst .....	8
Miljøutfordringane .....	9
Marin trafikk .....	9
Besøksforvaltning .....	9
4.Vurdering av planbehovet .....	11
Kommuneplanen .....	11
Samfunnsdelen til kommuneplanen .....	11
Arealdelen til kommuneplanen .....	11
Prioriterte planar .....	12
Helse- og omsorgsplan .....	12
Interkommunal plan for sjøareal i Region Nordhordland .....	12
Oppvekstplan .....	12
Planar og utgreiingar forankra i lov, forskrift og avtale .....	13
Rusplan .....	13
Heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse .....	13
Folkehelseoversikt .....	13
Personalplan .....	13
5.Prioritering av planoppgåver .....	14
6.Vedlegg .....	15
Vedlegg I: Lovheimel for kommunal planstrategi .....	15
Lov om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningsloven) (2008) .....	15
§ 10-1. Kommunal planstrategi .....	15
Vedlegg II: Overordna føringar for planlegginga .....	15
Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027 .....	15
Regionale føringar .....	15



FN sine berekraftsmål skal ligga til grunn for planlegginga i kommunen. Me skal finna dei måla som høver best til vårt samfunn og våre utfordringar. Vi skal omsette FN-måla til bruk i vårt lokalsamfunn.

## 1. Kommunal planstrategi

I plan- og bygningslova § 10-1 er det eit krav at kommunane i kvar valperiode (kvart fjerde år) utformar planstrategi. Strategien skal vera vedteken seinast eitt år etter at kommunestyret er konstituert. Den skal avklara kva planoppgåver kommunen vil prioritera i kommande valperiode, dette for å møte utfordringar og venta utvikling i samfunnet og kommuneorganisasjonen. Dette gjev moglegheit for å sikra heilskap i kommunen sitt plansystem og betre politisk medverknad og styring av planarbeidet.

I strategien skal også gjeldande kommuneplan vurderast, og gjennom det finne om heile eller delar av denne (arealdelen eller samfunnsdelen) skal gjennomgå ei rullering? Kommunen kan ta stilling til om det er behov for utarbeiding av nye arealplanar eller om dagens planar bør verte revidert eller oppheva. Endeleg vedteken planstrategi er ikkje ein plan, men er retningsgjevande for planlegginga til kommunen (ein plan for planlegginga). Nasjonale og regionale forventningar, føringar og planar spelar også inn, og på den måten vert samanhengen frå topp til botn i planhierarkiet sikra.

## 2. Kommunen sitt plansystem

Øvst i Fedje kommune sitt plansystem er kommuneplanen. Den består av ein samfunnsdel og ein arealdel og utgjer det overordna planverket som andre planar skal knytast til.

På same viset er det naudsynt at Fedje kommune sin kommuneplan vert knytt opp til gjeldande lovverk og tek omsyn til nasjonale og regionale føringar og målsetjingar.

Samfunnsdelen tek for seg utviklingstrekk og utfordringar i samfunnet og presenterer mål og strategiar for den framtidige utviklinga.


Arealdelen med tilhøyrande skildring og føresegner seier kva type arealbruk som gjeld i ulike delar av kommunen. I samband med utbygging kan det i enkelte område vera trong for meir detaljert planlegging.

Kommunedelplanar tek føre seg ulike tema, til dømes idrett og friluftsliv, eller kulturminne.

På somme område er det behov for endå meir spesifikke planar som tema og sektor- eller fagplanar. Døme på dette kan vera trafikksikringsplan, beredskapsplan for vassverket, ruspolitisk handlingsplan, med fleire. Alle slike planar skal forankrast oppover i plansystemet, der kommuneplanen er øvst.

Tiltak frå dei ulike planane må inn i handlings og økonomiplan. Økonomiplanen er fireårig og tek for seg dei store linene innan inntekt, drift og investering, medan årsbudsjettet er meir konkret.

Interkommunale plansamarbeid er også viktig. I små kommunar som Fedje er det vanleg å delta i interkommunale samarbeid for nokre av dei lovpålagte tenestene. Helsetenester, renovasjon, landbruk er døme på dette.




### 3.Utviklingstrekk og utfordringar


I plan og bygningslova §10-1 (om kommunal planstrategi) bør planstrategien omfatta «ei drøfting av kommunen sine strategiske val knytt til samfunnsutvikling, langsiktig arealbruk, miljøutfordringar, verksemda til sektorane og planbehovet til kommunen i valperioden».

#### Samfunnsutvikling

#### Folketalsutvikling



Kilde  
Fødte, Statistisk sentralbyrå



Kilde  
Flyttinger, Statistisk sentralbyrå



Kilde  
Døde, Statistisk sentralbyrå



Kilde  
Befolkning, Statistisk sentralbyrå




Her ser me SSB sine tal for folketalesutviklinga i kommunen. Me ser at det er ei relativt beskjeden utvikling framover i desse framskrivingane. Folketalet kjem til å halde seg om lag slik det er i dag i mange år framover om dette slår til.

Det som er ei stor utfordring er at demografien er i endring. Vi lever lengre og delen eldre i befolkninga vil auke i tida som kjem. Samstundes vil delen i yrkesaktiv gruppe verte mindre. Dette vil truleg gje ubalanse mellom tilgjengelege hender og dei tenester som skal ytast.

## Demografi

### Aldersfordeling for innbyggerne i kommunen

Alder



Kilde: Befolkning, Statistisk sentralbyrå

## Folkehelse

Tema	Indikator (klikkbare indikatornavn)	Kommune	Fylke	Norge	Enhet (*)	Folkehelsebarometer for Fedje
Befolkning	1 Andel barn, 0-17 år	18,9	20,8	20,3	prosent	
	2 Andel unge eldre, 65-79 år	23,0	13,7	13,9	prosent	
	3 Andel over 80 år	7,8	4,7	4,5	prosent	
	4 Andel 80 år+, framskrevet til 2050	15,5	10,6	10,4	prosent	
	5 Personer som bor alene, 75 år +	40,3	40,5	42,0	prosent	
	6 Befolkningsvekst	2,2	0,77	1,2	prosent	
Oppvekst og levekår	7 VGS eller høyere utdanning, 30-39 år	85	83	81	prosent	
	8 Vedvarende lavinntekt, alle aldre	6,6	8,9	9,8	prosent	
	9 Inntektsulikhet, P90/P10	2,4	2,7	2,8	-	
	10 Leier bolig, 45 år +	12,9	11,9	12,4	prosent	
	11 Bor trangt, 0-17 år	8,9	18	18	prosent	
	12 Gjeld større enn 3 ganger inntekt	7,2	20,0	20,8	prosent	
	13 Unge som står utenfor, 15-29 år	-	8,6	9,5	prosent (a,k)	
	14 Stønad til livsopphold, 20-66 år	12,2	15,7	17,4	prosent (a,k)	
	15 Laveste mestringsnivå i lesing, 5. tr.	-	25	24	prosent (k)	
	16 Gjennomføring i vdg. opplæring	-	81	80	prosent (k)	
	17 Høy tilfredshet, Ungdata 2022-23	**	-	51	prosent (a,k)	
Miljø, sladder og ulykker	18 Valgdeltakelse	84,3	65,2	62,4	prosent	
	19 Drikkevann, hygienisk og stabilt	100,0	96,2	93,4	prosent	
	20 Luftforurensning, eksponert (ny def.)	0	15	46	prosent	
	21 Trygt i nærmiljøet, Ungdata 2022-23	**	-	84	prosent (a,k)	
	22 Fritidsorganisasjon, Ungd. 2022-23	**	-	59	prosent (a,k)	
Helse-relatert atferd	23 Trener sjeldnere enn ukentlig, 17 år	-	25	28	prosent (k)	
	24 Skjermtid over 4 timer, Ungd. 2022-23	**	-	43	prosent (a,k)	
	25 Røyking, kvinner	-	1,9	2,4	prosent (a)	
Helsestand	26 Forventet levealder, menn	-	80,6	80,3	år	
	27 Forventet levealder, kvinner	-	84,6	84,0	år	
	28 Utd.forskjeller i forventet levealder	-	4,9	5,1	år	
	29 Overvekt og fedme, 17 år	-	21	22	prosent (k)	
	30 Psykiske sympt./lidelser, 0-74 år	142	152	168	per 1000 (a,k)	
	31 Muskel og skjelett, 0-74 år	256	288	313	per 1000 (a,k)	
	32 Hjerte- og karsykdom	16,0	18,3	17,2	per 1000 (a,k)	
	33 Tykk- og endetarmskreft, nye tilfeller	-	93	84	per 100 000 (a,k)	
	34 Vaksinasjonsdekning, influensa, 65 år+	63,6	66,1	62,3	prosent	

- Kommunen ligger signifikant bedre enn landet som helhet
- Kommunen ligger signifikant dårligere enn landet som helhet
- Kommunen er ikke signifikant forskjellig fra landet som helhet
- Kommunen er signifikant forskjellig fra landet som helhet
- Ikke testet for statistisk signifikans
- ◆ Verdien for fylket (ikke testet for statistisk signifikans)
- ▬ Verdien for landet som helhet
- ▬ Variasjonen mellom kommunene i fylket
- ▬ De ti beste kommunene i landet


## Langsiktig arealbruk

Under ser me Statsforvaltaren i Vestland sitt forslag til utviding av vernesona for Fedjemyrane. Dette området inkluderer til dømes det einaste ledige næringsarealet i kommunen. Areal er ein knapp ressurs i kommunen og med eit vern godt over 30% av totalen er det utfordrande. Samstundes med dette inneheld større område kultur og krigsminne. Noko som gjev strenge restriksjonar for bruk.



Kommune må ha aktivitet for å leva. Næringsutvikling er sær utfordrande når landareala vert verna og sterkt omsynsråka. I tillegg vert sjøareala råka av sær stor skipsaktivitet og restriksjonar innan havbruk og liknande. Kommunen sitt bidrag inn i interkommunal plan for sjøareala har eigentleg berre ført til endå strengare arealbruk. Noko motsegnene i samband med akvakulturområdet ved Hjelpevarden illustrerer godt.

Sjøareala i interkommunal plan for Fedje sin del:



### Bygdevekst

Det overordna målet for bygdevekstavtalen er å bidra til busetting, tilgang på kompetent arbeidskraft og framtidretta næringsutvikling i dei minst sentrale delane av Distrikts-Noreg. Her vart kommunen teke opp i eit samarbeid saman med Solund kommune. Me ser fram til å nytte dette prosjektet til å vera pilot for nye metodar innan drift og utvikling av små kystkommunar som våre to.

Hovudsatsingsområda som er nemnd i søknaden vår er:


- Framtidretta næring
- Infrastruktur
- Rekruttering
- Bustadutvikling






## Miljøutfordringane

Det tyske ubåtvraket U-864 utgjer ein ureiningsrisiko for heile vestlandskysten.



Kystverket har ansvaret for oppfølginga. Siste nytt er at ein vil ta opp mest mogeleg av kvikksølvlasta før restane av vraket vert dekkja til.

## Marin trafikk



Utsnitt frå KYSTINFO : Her oljetankskipstrafikk i 2022

## Besøksforvaltning


Metode til hjelp for langsiktig og heilskapleg planlegging. Den legg til rette for og styre bruken av eit område etter definerte mål. Målet er at både natur- og kulturverdiane, allemannsretten, opplevinga og tryggleiken vert respektert og teke omsyn til.

Til dømes, korleis vil auka tilstrøyming av besøkande påverke natur- og kulturverdiane i området, og korleis vil behovet vera for transport, parkering og toalett? Korleis vil dette påverke lokalsamfunnet? Og like viktig, vil tiltaket føra til at nye/andre grupper av besøkande kjem?


## Verksemnd i sektorane

### Generalistkommuneperspektivet

Bra å vera liten !



Frå NOU – 2023:9



Kilde: Kommuneregnskap, Statistisk sentralbyrå

Kommunen sine største verksemnder er Helse og omsorg, Grunnskule og Administrasjon. Nokre tenester vert til gjennom samarbeid eller kjøp frå andre kommunar.



## 4.Vurdering av planbehovet

### Kommuneplanen

#### Samfunnsdelen til kommuneplanen

Me ser eit klart behov for å rullera samfunnsdelen til kommuneplanen. Samfunnsdelen vil også inngå som ein viktig del av prosjektet «Bygdevekst» der Fedje kommune er i samarbeid med Solund kommune.

Det er behov for å gjera opp status og setta nye overordna mål og strategiar i ein ny samfunnsdel. Folkehelse skal inn i all kommunal verksemd, og mål og strategiar skal inn. Nyare folkehelsekartlegging skal ligga til grunn for utarbeidinga av mål og strategiar.

Rullering av samfunnsdelen må sjåast i samanheng med andre store planprosessar. Det er viktig å sjå til dømes helse- og omsorgsplan, oppvekstplan og plan for næring og samfunnsutvikling i nytt perspektiv.

Kommunen skal ta vare på det næringslivet me er gode på i dag, legge grunnlag for ny innovasjon på tvers av verdikjeder og gripe nye moglegheiter. Difor skal vi avklare korleis næring skal inngå som tema i kommunale planar.

I tillegg vil me fortsetje arbeidet med planar for store sektorar i kommunen. Overordna myndigheiter ynskjer mellom anna at klimatilpassing, utfordringar innan kultur og idrett og oppvekst vert vektlagt. Meir om overordna forventningar og føringar finn du i vedlegg II til planstrategien.

Det er eit ynskje å utvikla eit moderne , enkelt og transparent plansystem tilpassa vår kommune. Til det treng vi å få ta del i moderniseringa på dette feltet gjennom nye verktøy som til dømes «Framsikt» . I desse nye verktøya er det lagt opp til «raud tråd» tankegang mellom kommunale planar , økonomiplan og verksemdstyring.

Målet er å få til ei heilskapleg og berekraftig styring av kommunen.

#### Arealdelen til kommuneplanen

Gjeldande plan vart vedteke 14. mars 2013 og gjeld ut 2024 . Arealdelen dekkjer framleis arealbehova ganske godt, den balanserer ulike arealinteresser på ein tilfredsstillande måte og gjev kommunen samla sett eit godt handlingsrom. Nyss har kommunen vedteke sin del av interkommunal plan for sjøareala i Nordhordland, men med unnatak av akvakulturområdet på Hjeltevarden. Med bakgrunn i dette vil det vera landareala som treng å rullerast no. Kommunen vil arbeide med klimaspørsmål i samband med kommuneplanen sin arealdel. Dette vil inkludere ei drøfting av klima- og miljøutfordringane og langsiktig arealbruk.

Me skal vurdere om arealplanen er oppdatert med omsyn til nye føringar for jordvern, og vurdere behov for å utarbeide eller å oppdatere planar for avløps-vatn, drikkevatt og overvatn. Eventuell plan for avløp skal også inkludere spreidd busetnad.

Me skal i planen ta stilling til korleis kommunen skal følgje opp arbeidet med miljømål etter vassforskrifta, og me skal vurdere om kommuneplanen sin arealdel er oppdatert med omsyn til føringar for samordna bustad, areal og transportplanlegging.

Statsforvaltaren i Vestland har på oppdrag frå Miljødirektoratet sett i gang prosjekt for supplerande vern av store myr og kystlyngheiområde i kommunen. Forslag til avgrensing er nemnd tidlegare under langsiktig arealbruk. Det er klart at dette er eit formidabelt stort inngrep i arealbruken i kommunen, og det er god grunn til å tru at dette vil vera ein viktig del å avklare i ny arealplan.

Kommunen manglar eigna næringsareal nære sjø. Det er naturleg at me som øykommune har god kontakt mellom verksemd på land og verksemd i sjø.

## Prioriterte planar

### Helse- og omsorgsplan

Det er behov for ein samla gjennomgang av helse- og omsorgssektoren i kommunen. Det er kome nye lovkrav mellom anna knytt til primærhelsemeldinga som påverkar mange sider av verksemda. Det ligg store moglegheiter i bruken av omsorgsteknologi som kommunen bør ta stilling til. Prinsippa frå kunnskapsbasert praksis (KBP) bør verta innarbeida i større delar av verksemda for å sikra kvalitet i tenestene. Mål for ein plan er ei heilskapleg organisering av tenestene som er tilpassa framtida.

### Regional plan for helse og omsorg.

Plan for interkommunalt samarbeid innan helse- og omsorgstenester i region Nordhordland frå 2014-2017 er utgått. Denne vart revidert i 2020 og ligg no føre som «Felles satsingar for helse- og omsorgssektoren i Nordhordland 2021-2031» hjå region Nordhordland.

### Trafikktryggingssplan

Me bør sikre oppdatert trafikktryggingssplan og om mogeleg satse på å bli godkjent som trafikksikker kommune. Ein oppdatert trafikktryggingssplan er naudsynt for å kunne søka trafikksikringsmidlar. Vegane på Fedje er generelt smale og krunglete. Det inneber at endringar i trafikkbilete, næring og busettingsmønster fort vil kunne skapa nye utfordringar for trafikktryggleiken. Nye byggefelt kan til dømes føra til at vegane i større grad enn i dag vert nytta som skuleveg.

### Interkommunal plan for sjøareal i Region Nordhordland

Planen er vedteken av alle kommunane i regionen, men framleis står det att å løyse motsegnene i samband med akvakulturområdet ved Hjeltevarden. Det er også teke initiativ til ei planendring som mogelegvis kan gje opning for eit nytt akvakulturområde i kommunen.

Samla sett vil me samanheng med rullering av kommuneplanen sin arealdel vurdere om det er tilstrekkeleg oppdaterte planar for sjøareal og akvakultur i kommunen.

### Oppvekstplan

Barnekonvensjonen (FN) er ein avtale mellom nesten alle land i verda. Der står det om korleis alle barn i verda skal ha det. Noreg har skrivne under barnekonvensjonen, og gjort den til norsk lov. Dette er mellom andre barnelova. Om nokre norske lover er betre enn det konvensjonen legg opp til, går dei føre. Barnetal i barnehage og skule har mykje å seie for korleis me organiserer desse tenestene. Folketalsutviklinga på Fedje har i eit lengre perspektiv vore negativ, medan me har opplevd vekst dei siste åra. Busetting av flyktningar har saman med tilflytting verka positivt. Me må sjå barnehage og skule i samanheng med folkehelse, helse, kultur, næring og trafikksikring. Planarbeidet er pågåande og bør fullførast snarast mogeleg.

## Idrett og friluftsliv

Gjeldande plan er utdatert og bør rullerast. Når det vert søkt om støtte til nye utbyggingar vil det vera ei styrke og i nokre høve ein føresetnad at tiltaka er forankra i ein oppdatert plan. Me er godt rusta på idrettsanlegg men har eit stort potensiale når det gjeld etablering og utvikling av nærmiljøanlegg, friluftsområde og turstiar.

## Planar og utgreiingar forankra i lov, forskrift og avtale

### Rusplan

Rusplanen skal rullerast kvart første år, i samband med at eit nytt kommunestyre tiltrer.

### Heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse

Analysen skal reviderast kvart fjerde år eller oftare viss det er vesentlege endringar i risikobiletet som tilseier revisjon. Siste versjon av heilskapleg ROS er frå november 2016 og vart forankra i kommunestyret 28.02.2017. Analysen skulle vore rullert i 2021, men så er ikkje funne. Det betyr at det er trong for rulling seinast innan 2025.

### Folkehelseoversikt

Folkehelseoversikta skal ligga til grunn for arbeidet med kommunal planstrategi, og skal såleis fornyast kvart fjerde år i takt med planstrategien. Vi bruker den vi har og legg opp til revisjon inn mot neste valperiode.

### Personalplan

Fedje kommune sin personalplan skal rullerast kvart fjerde år i midten av ein valperiode. Planrevisjonen bør starta opp i slutten av planperioden og er venta å gå inn i neste planperiode. Siste versjon er frå 09.09.2020. Planen treng å rullerast.



## 5. Prioritering av planoppgåver

PLAN	PLANTYPE	STATUS	STRATEGI
Kommuneplanen sin Samfunnsdel	Kommuneplan	RÅD Samfunnsdel (2013)	Rullerast Oppstart haust 2024
Kommuneplanen sin Arealdel	Kommuneplan	RÅD Arealdel (2013 (+ 2016))	Rullerast Oppstart haust 2024
Kommunedelplan for Helse og omsorg	Kommunedelplan	HOO Helse – og omsorgsplan (i prosess)	Er under arbeid Vedtak innan 2025
Temaplan for oppvekst	Tema- og sektorplan	HOO Oppvekstplan (i prosess)	Er under arbeid Vedtak i 2024
Temaplan for idrett og friluftsliv	Tema- og sektorplan	TEK Idrett og friluftsliv (2021-2022)	Rullerast Oppstart haust 2024
Næringsplan	Tema- og sektorplan	RÅD Plan for næring og samfunnsutvikling (1999)	Oppstart i 2025
Trafikksikringsplan	Tema- og sektorplan	TEK Trafikksikringsplan (2003)	Oppstart i 2025
Ruspolitisk handlingsplan	Tema- og sektorplan	HOO Rusplan (2020-2024)	Rullerast 2025
Detaljplan	Reguleringsplan	Sentrumspan	Oppstart 2026 Koordinere med private.
Folkehelseoversyn	Kartleggingar/	RÅD Folkehelseoversyn (2017-2020)	Rullerast 2025
KommuneROS	Kunnskapsgrunnlag	RÅD Heilskapleg ROS-analyse	Rullerast 2025
Personalplan	Organisasjonsplan	RÅD Personalplan (2020)	Rullerast Oppstart haust 2024
Handlingsplan for inkluderande arbeidsliv	Handlingsplan	RÅD Handlingsplan for inkluderande arbeidsliv (2015)	Rullerast Oppstart haust 2024
Handlingsplan mot vald i nære relasjonar	Handlingsplan	Ny	Oppstart 2025

## 6.Vedlegg

### Vedlegg I: Lovheimel for kommunal planstrategi

Lov om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningsloven) (2008)  
§ 10-1. Kommunal planstrategi

### Vedlegg II: Overordna føringar for planlegginga

Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027

- Samordning og samarbeid i planlegginga
- Trygge og inkluderande lokalsamfunn
- Velferd og berekraftig verdiskaping
- Klima, natur og miljø for framtida
- Samfunnstryggleik og beredskap

### Regionale føringar

Hordaland fylkeskommune har gitt sine synspunkt til dei kommunale planstrategiane i eit brev datert 05.12.2023. Synspunkta er både generelle og knytt til tema, og har si forankring i vedtekne regionale planar og fylkeskommunen sitt forvaltingsansvar. Dei generelle synspunkta gjeld føresetnader for planstrategiarbeidet og problemstillingar kommunane skal ta stilling til i arbeidet med sjølve planstrategien.

Utviklingsplan 2024 -2028 – regional planstrategi

